



Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

Møtedato: 29.09.2015
Møtestad: Formannskapssalen.
Møtetid: 16:00-17:05

Møtet vart styrt av utvalsleiar Atle Håtuft.

Medlemmane var innkalla i skriv d. 23.09.2015

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Atle Håtuft	FrP	Utvalsleiar
Ragnar Bratland	H	Nestleiar
Jorunn Signe Brakstad	H	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem

Desse møtte frå administrasjonen:
Drift- og vedlikehaldsleiar Jens Dahl.

Protokollfører: Lillian Straumøy Brakstad

Utval for drift og utvikling
30. september 2015

Atle Håtuft
leiar

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
64/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
65/2015	Godkjenning av møtebok
66/2015	Referatsaker
67/2015	Delegerte saker
68/2015	GBNR 4/62 - Klage over løyve til oppføring av einebustad på Beitingen i Meland kommune
69/2015	Klage over vedtak i administrativ sak 274-2015 - Avslag på søknad om dispensasjon frå arealformål i reguleringsplan for oppføring av konsentrert busetnad på gbnr. 23/110 i Meland kommune
70/2015	Vedlikehaldsplan for kommunale bygg
71/2015	Søknad om dispensasjon frå areal avsett til LNF- område i kommuneplanen for arealoverføring til fritidsbustad frå gbnr 52/1 til 52/29, 65 og 66 på Kårbø
72/2015	Aktuelle saker

64/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

29.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 64/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

65/2015: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjent.

29.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 65/2015 VEDTAK:

"Møtebok for Utval for drift og utvikling frå møte 01.09.2015 vert godkjend."

66/2015: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

29.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 66/2015 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

67/2015: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

29.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 67/2015 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

68/2015: GBNR 4/62 - Klage over løyve til oppføring av einebustad på Beitingen i Meland kommune

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling finn at klage frå eigar av gbnr 4/15 ikkje inneheld opplysningar som tilseier at løyve gjort av Meland kommune 8.5.2015, delegert vedtak i sak 156/2015, til oppføring av einebustad på gbnr 4/62 vert oppheva, omgjort eller endra. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunngeving for vedtaket.»

29.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 68/2015 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling finn at klage frå eigar av gbnr 4/15 ikkje inneheld opplysningar som tilseier at løyve gjort av Meland kommune 8.5.2015, delegert vedtak i sak 156/2015, til oppføring av einebustad på gbnr 4/62 vert oppheva, omgjort eller endra. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunngeving for vedtaket.»

69/2015: Klage over vedtak i administrativ sak 274-2015 - Avslag på søknad om dispensasjon frå arealformål i reguleringsplan for oppføring av konsentrert busetnad på gbnr. 23/110 i Meland kommune

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling finn at klage dagsett 11.8.2015 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at kommunen sitt administrative avslag av 27.7.2015 i sak 274/2015 bør eller kan gjerast om. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje.

Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

29.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Grunna slektskap med klagar ba Jorunn Brakstad, H, utvalet vurdere om ho var gild eller ugild ved handsaming av saka.

Røysting over om Jorunn Brakstad var ugild fekk 8 stemmer mot, 0 for.

Framlegg til vedtak frå Ragnar Bratland, H.

" Saka vert utsett til møte 03.11.2015. Utvalet vil då føreta synfaring før handsaming av saka."

Ved røysting fekk framlegg til Ragnar Bratland, H, 9 røyster for, 0 i mot og er såleis vedteke.

UDU - 69/2015 VEDTAK:

" Saka vert utsett til møte 03.11.2015. Utvalet vil då føreta synfaring før handsaming av saka."

70/2015: Vedlikehaldsplan for kommunale bygg

Rådmannen sitt framlegg:

"Kommunestyret godkjenner rullering av "Vedlikehaldsplan for kommunale bygningar" datert 21.09.2015. Tiltaksplanen (handlingsdelen) skal vurderast årleg i samband med budsjettarbeidet. Konkrete prioriteringar vert gjort av Utval for drift og utvikling i første kvartal kvart år, på bakgrunn av kommunestyret sitt budsjettvedtak."

29.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Drift- og vedlikehaldsleiar Jens Dahl orienterte om vedlikehaldsplanen og utførte vedlikehald på kommunale bygg.

UDU - 70/2015 FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunestyret godkjenner rullering av "Vedlikehaldsplan for kommunale bygningar" datert 21.09.2015. Tiltaksplanen (handlingsdelen) skal vurderast årleg i samband med budsjettarbeidet. Konkrete prioriteringar vert gjort av Utval for drift og utvikling i første kvartal kvart år, på bakgrunn av kommunestyret sitt budsjettvedtak."

71/2015: Søknad om dispensasjon frå areal avsett til LNF- område i kommuneplanen for arealoverføring til fritidsbustad frå gbnr 52/1 til 52/29, 65 og 66 på Kårbø

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF- område i kommuneplanen sin arealdel for arealoverføring av inntil 100 m² frå gbnr 52/1 til gbnr 52/29, 65 og 66 på Kårbø i Meland kommune i samsvar med søknad journalført 29.5.2015.

Utval for drift og utvikling gjev samtykke til arealoverføring og omdisponering etter jordlova §§ 12 og 9, av areal inntil 100 m² frå gbnr 52/1 til gbnr 52/29, 65 og 66 på Kårbø i Meland kommune i samsvar med søknad journalført 29.5.2015. Arealoverføringakan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter pbl kap. 20.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl §21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

29.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 71/2015 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF- område i kommuneplanen sin arealdel for arealoverføring av inntil 100 m² frå gbnr 52/1 til gbnr 52/29, 65 og 66 på Kårbø i Meland kommune i samsvar med søknad journalført 29.5.2015.

Utval for drift og utvikling gjev samtykke til arealoverføring og omdisponering etter jordlova §§ 12 og 9, av areal inntil 100 m² frå gbnr 52/1 til gbnr 52/29, 65 og 66 på Kårbø i Meland kommune i samsvar med søknad journalført 29.5.2015. Arealoverføringakan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter pbl kap. 20.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl §21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

72/2015: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

29.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 72/2015

Tormod Skurtveit, AP: Føretek kommunen registrering av bilvrak?

Administrasjonen: Kommunen følgjer opp innkomne meldingar om bilvrak, men føretek ikkje registreringar ut over dette.

Ragnar Bratland, H: Bilvrak på Mjåtveitflaten, etterlyser oppfølging etter synfaring.

Administrasjonen kjem med orientering på neste UDU-møte.

Anne Grete Eide, AP: Asfaltering av fylkesveg Rossland-Skjelanger, klage på høge vegkantar.

Administrasjonen: Kommunen har ingen påverknad på vedlikehaldsarbeid på fylkesvegar. Klage må rettast til Statens vegvesen.

Leif Johnsen, MDG: Vegetasjonsinngrep ved Mjåtveitelva, jf pkt 4.3.3 - omsyn naturmiljø - i føresegner til kommuneplanen.

Administrasjonen vil orientere på neste UDU-møte.

- Registrering av forureining av sjøbotn.

Administrasjonen: Det føreligg ingen planar om slik registrering.

- Kommunale kaiar, tilstandsrapport - sal/ikkje sal - bruk i beredskapssituasjonar.

Administrasjonen: Tilstandsrapport vart laga i samband med *Kommunedelplan for kommunale vegar*. Vedlikehaldsarbeid av kaiar vert gjort i tråd med tildelte budsjetttrammer.
